



Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Eli Marita Vik Næss / 57655744

Vår referanse:
17/110492-19

Dykkar referanse:

Vår dato:
04.04.2018

Tilskotsprogram for skredsikring fylkesveg 2018, Sogn og Fjordane

Vi viser til dykkar brev av 15.12.2017 og til vårt brev av 18.12.2017.

I Meld. St. 33 (2016–2017) Nasjonal transportplan 2018–2029 er det gjeve ei ramme til post 62 Tilskudd til skredsikring på fylkesvegnettet på 745 mill.kr 2017–kroner årleg gjennomsnitt for perioden 2018–2023. Dette tilsvarar 4 470 mill.kr i seksårsperioden. Omrekna til 2018–prisnivå er dette 4 559 mill.kroner.

I Statens vegvesen sitt handlingsprogram 2018–2023 (2029) er det lagt til grunn ei lik årleg ramme på nasjonalt nivå gjennom seksårsperioden.

Med utgangspunkt i fylkesvise planleggingsrammer for tilskotsprogrammet gitt i Samferdsledepartementets brev av 6. oktober 2017, bad Statens vegvesen fylkeskommunane om å utarbeide forslag til prioritering av skredsikringstiltak innanfor planleggingsramma. Ramma er omrekna frå 2017– til 2018–prisnivå.

Sogn og Fjordane fylkeskommune gav si tilbakemelding i brev av 15.12.2017.

Statens vegvesen sitt forslag til årleg fordeling av ramma er i hovudsak i tråd med fylkeskommunen sitt forslag, men fordelinga er tilpassa den nasjonale årlege ramma. Dette gjeld særleg dei tre siste åra.

Ramma til Sogn og Fjordane vert fordelt slik:

Mill. 2018–kroner

Fylke	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2018–2023
Sogn og Fjordane	124	204	292	246	185	218	1 269

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6863 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Samferdsledepartementet har ingen merknader til den årlege fordelinga og prosjekta som er omtalt.

Dette til informasjon.

Vegavdeling Sogn og Fjordane
Med helsing

Svenn Egil Finden
avdelingsdirektør

Eli Marita Vik Næss

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.